
Saksnr: 2021/16093-2
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Eigarskapskontroll av fylkeskommunen si forvaltning og oppfølging av arbeidsmarknadsbedrifter - Forslag til prosjektplan**Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet bestiller eigarskapskontroll av fylkeskommunen si forvaltning og oppfølging av arbeidsmarknadsbedrifter frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Ev. ny korrigert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 25.05.2021.
3. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan.
4. Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Vestland fylkesting fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timar.
5. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 31.10.2021, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen og selskapa sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal ta stilling til vedlagt forslag til prosjektplan frå Deloitte, på kva eigarskapskontroll av fylkeskommunen si forvaltning og oppfølging av arbeidsmarknadsbedrifter bør innehalde og korleis dei har tenkt å gjennomføre arbeidet.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorråddevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Prosjektplan eigarskapskontroll av arbeidsmarknadsbedrifter i VLFK

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet handsama sak PS 21/21 Bestilling av eigarskapskontroll i møte 22.03.2021 og dette vart protokollert:

«Handsaming i møte

Klaus Iversen (V) foreslo å ta prosjekt nr 2 Eigarskapsforvaltning (overordna) først. Det vart stemt over dette og forslaget fekk 1 stemme og fall.

Etter dette kom utvalet fram til at ein ønskjer å gjennomføre eigarskapskontroll av «Fylkeskommunen si forvaltning og oppfølging av arbeidsmarknadsbedrifter».

På bakgrunn av dette kom kontrollutvalet med slike problemstillingar/moment:

- *System og rutinar for oppfølging av eigarskapet*
 - *Eigarmelding*
 - *Eigarstrategi*
 - *Eigaroppfølging*
- *Val og opplæring av styrerepresentantar*
- *Vert det vald inn medlemmer med rett kompetanse i styrer*

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. *Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført eigarskapskontroll av «Fylkeskommunen si forvaltning og oppfølging av arbeidsmarknadsbedrifter».*
2. *Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.*
3. *Forslag til prosjektplan bes levert sekretariatet seinast innan 19.04.2021.*
4. *Prosjektplanen skal leggast fram til godkjenning i neste møte i kontrollutvalet.»*

Vedtakskompetanse

Det er kontrollutvalet som har ansvar for å gjennomføre slike revisjonar. Det er likevel fylkestinget som har avgjersmynde i saka, etter innstilling frå kontrollutvalet, når revisjonsrapport ligg føre, jf. kommunelova § 23-4.

Vurderingar og verknader

Med utgangspunkt i det som går fram over har Deloitte levert forslag til prosjektplan for eigarskapskontroll av fylkeskommunen si forvaltning og oppfølging av arbeidsmarknadsbedrifter. Prosjektplanen følgjer som vedlegg.

Av den føreslåtte prosjektplanen går det fram at føremålet med eigarskapskontrollen er:

«Formålet med prosjektet vil vere å undersøkje om Vestland fylkeskommune har etablert ei eigaroppfølging av av arbeidsmaknadsbedriftene i samsvar med etablerte normer for eigaroppfølging, egne vedtak og rutinar.»

Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen formulert følgjande problemstillingar:

1. *Har fylkeskommunen ei eigarskapsmelding som oppfyller krava i regelverket, og som omhandlar alle arbeidsmarknadsbedriftene fylkeskommunen har eigarskap i?*

2. *Har fylkeskommunen etablert eigarstrategiar med mål og krav til selskapa?*
3. *I kva grad er det etablert ei eigarstyring av selskapa i samsvar med krav i aksjelova?*
4. *I kva grad har fylkeskommunen følgt opp selskapa i samsvar med egne rutinar for eigarstyring og føringar som er gitt til selskapa?*
5. *I kva grad har fylkeskommunen sikra god samansetning og opplæring av styra i selskapa?*
6. *I kva grad har fylkeskommunen etablert rutinar for å sikre at fylkeskommunen blir tilstrekkeleg informert om drifta og utviklinga i selskapa?*

I dette revisjonsprosjektet vil Deloitte m.a. nytta dokumentanalyse, intervju og verifisering og høyring som metode. Revisjonen ønskjer å gjennomføre om lag 20 intervju med utvalde personar frå Vestland fylkeskommune som er involvert i eigarskapsoppfølginga av dei ulike arbeidsmarknadsbedriftene (både politisk eigarrepresentantar og administrativt tilsette med ansvar på området), styreleiarane i selskapa, og dei daglege leiarane i selskapa.

Med utgangspunkt i det omfang som ligg i den føreslåtte prosjektplanen meiner sekretariatet at det kan forsvarast å bruke inntil det timetal som er føreslått.

Konklusjon

Sekretariatet meiner at prosjektplanen er godt gjennomarbeidd og i tråd med dei føringar som ligg i bestillinga frå kontrollutvalet. Føremål og problemstillingar synest også å vera i tråd med dette. Når det gjeld timetalet vil sekretariatet tilrå at det vert godkjend inntil det timetal som går fram av prosjektplanen. Vidare bør det akseptrast opsjon på ev. presentasjon av revisjonsrapporten for Vestland fylkesting fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timar.